

OSTERØY KOMMUNE
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Dato	09/08/2022
Vår referanse	2022/43785-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Jostein Aksdal
E-post	Jostein.Aksdal@vlfk.no
Telefon	90207124

Kulturminnefagleg tilbakemelding registrering landbruksveg - gnr 29 bnr 7 - Hartveit - Hovden - Osterøy kommune

Vestland fylkeskommune viser til sak med landbruksveg frå Hartveit til Hovden, Osterøy kommune. Bakgrunn for saka er bygging av veg mellom gardane Hartveit og Hovden. Første forlag til veglinje kom i omfattande konflikt med automatisk freda kulturminne og kunne ikkje godkjennast. Dette medførte at tiltakshavar fremja forslag om omlegging på deler av traseen. I den samanhengen vart det varsla trong til ei kulturminnefagleg registrering. Denne er no utført.

I tillegg til alt kjente kulturminne vart det gjort funn av fire trekolgroper i området (ld 286849, 286850, 286853, 286854) på nordre side av elva, inne på Gjerstad sin grunn. Det vart gjort ei arkeologisk undersøking i to av desse. Begge hadde trekol og frå ei av desse vart det sendt inn trekol til datering hjå Beta Analytic. Kulturminnet får ei tidfesting til sein vikingtid – tidleg mellomalder. Førslått trase for landbruksveg ligg i direkte konflikt med dette og eit til av dei automatisk freda kulturminna og løyve til bygging av landbruksveg kan ikkje gjevast før kulturminnekonfliktane er løyst.

Fylkeskommunen har vist til at området har høg kultur og landskapsverdi. Kulturminna relaterer seg til eldre ferdselsåre og vassløpet i området. Det er og viktige kulturminne som gangveg og steingardar frå nyare tid i området. Området er som eit heile eit viktig kulturlandskap der bøgarden mellom Hartveit og Gjerstad møtes. Her går den gamle vegen mellom gardane sør for Gjerstad og fram til kyrkjestaden. Kulturminna står i sterk samanheng med elva i området. Elva som er ein del av Lonevassdraget. Det er vist i kommuneplanen som del av omsynssona H560-71 med føremål om bevaring av naturmiljø og H320 som viser til fare for flaum. Landbruksveg klasse 4 representerer eit omfattande inngrep både i kulturmiljø og i naturmiljøet. Det ligg ikkje føre avklaringar i saka korleis omsyn til natur og kulturlandskapet skal løysast.

Når kulturminneverdiane er kartlagt og det er påvist konflikt med automatisk freda kulturminne, må dette søkjast løyst gjennom endra vegline eller dispensasjon frå kulturminnelova. Tiltak som bygging av landbruksveg skal handsamast etter kulturminnelova § 8 1. ledd. Sak om dispensasjon frå kulturminnelova skal gå gjennom Riksantikvaren sitt system «digisak.no». Det er søkjar som sender inn eigen søknad i dette systemet – sjå Riksantikvaren si nettside:

<https://digisak.ra.no/front#front/index>

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar

Jostein Aksdal
seniorrådgjevar

Postadresse
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Heimeside
www.vestlandfylke.no

EHF-Fakturaadr.
821311632

Organisasjonsnr.
821 311 632

KII - Arealplan (Førde)

KII - Arealplan (Førde)

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskrivne underskrift

Kopi til:

Johannes Gjerstad